



Raugstads frå Mongstad svikta ikkje Øyro Marina denne påska heller og låg her med imponerande Casa Blanca

Det har vore en kraftig nedgang i gjestebåtbesøket denne påska samanlikna med siste påske. Medan det i fjor var 92 gjestebåtdøgn dei 5 sentrale påskedagane var det ikkje fleire enn 37 i båtlaghamna denne påska. Toppen vart nådd med 11 og 12 langfredag og laurdag og dei tilsvarande tala dei same dagane i fjor var 19 og 27 Skjærtorsdag var det 5 og 1. påskedag 8. Ein hovudgrunn til nedgangen er utan tvil at påska i fjor var 3 veker seinare og at ver og temperatur var mykje gunstigare, meiner dei som har vore ansvarlege for vertskapsrolla

Andre meiner at auka konkurranse frå Rosendal og Husnes også har spela inn. og spår at den vil gjera seg sterkt gjeldande i sommar.

I fjor hade forøvrig Sandakaien besøk av 10 båtar i fleire netter men i år har besøket innskrenka seg til ein båt i to netter.

Påska i bygda har ellers vore prega av 3 vellukka arrangementer toppa av den store festen på Dønhaug laurdag som samla rundt 450 festglade deltakarar. i regi av Festidalen og vert Magne Huglen,

På Systrene Nilsen toppa det seg med quiz for 120 og eggeløp for 100 ungar, men det var også godt besøk under pubkvelden laurdag Og når det gjeld overnatting på land er vertskapet på Rabben godt fornøgd.

Konklusjonen for påska i bygda må bli: På det jevne, ikkje topp

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen